



Randi Vikan  
Holmeknappen 51  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2260 - 17/2886

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

20.03.2017

## Melding om registrerte bygningsopplysningar i matrikkelen GBNR 10/33

Meland kommune har ein gjennomgang av bygg etter lister tilsendt av matrikkelavdelinga i kartverket.

På dykkar eigedom var det søkt om og godkjent ombygging til bustad og fasadeendring i 2013. Denne ombygginga er no registrert ferdig, då det er 3,5 år sidan løyvet var gitt, og i allefall utbygg på taket synes som utført i flyfoto frå våren 2015.

Vedlagt ligg matrikkelrapportar for «meieriet» som er registrert som «annen forretningsbygning» og lageret framfor dette som er registrert som «annen lagerbygning». Areal er registrert ut i frå byggteikningar som vart sendt inn i samband med siste byggesak. Til areal til bustad er tatt med inngangsparti og garasje i U01. Ber om tilbakemelding dersom ikkje denne garasjen skal høyra til bustaden. Ein ber om tilbakemelding med dokumentasjon dersom de meiner registreringa av byggtipe og areal ikkje stemmer.

Her er det også eit spørsmål om det er behov for å tildela fleire gateadresser til desse bygga. Etter teikningane er det eigne ytre inngangar til bustad og butikkedel. Det er også ein lagerbygning med eigen inngang. Både bustader, firma og andre leveringsadresser kan/ skal tildelast eigne gateadresser.

Ein bed om at de kjem med tilbakemelding på kva lagerbygningen vert nytta til; om det er noko verksemd her for eventuelt å registrera denne i rett næringsgruppe, og om det er naturleg å tildela eiga adresse til denne i tillegg til adresse til bustad og butikk. Det kan verte aktuelt å tildela eigne husnummer 51,53 ev. 55 eller nytta 51A, 51B, 51C. I alle fall vil bustaddelen måtte omadresserast då denne må ha det høgaste/ siste husnummeret i dette bygningskomplekset. Kom gjerne med innspel på dette også.

Ber om tilbakemelding på dette innan 3 veker.

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

10\_33\_annen lagerbygning

10\_33\_annen forretningsbygning